



Føredragshaldar Ketil Hvindenbråthen og møteleiar Sveinung Pile

**Med 170 innmeldte og namn som alpinmester Kjetil Andre Aamodt, suksessgründer Styrk Bekkenes og festivalprodusent Ketil Hvindenbråthen måtte næringsseminaret i Aktivitetshuset i ettermiddag verta ein suksess. Ikkje berre fekk sponsorane valuta for pengane, det fekk også dei som kom i form av 3 forskjellige, men spenstige innlegg.**



[Kjetil Andre er ein flink k aser](#)

Spentigst var som venta den h gst verbale Kjetil Andre, som heldt eit sj lvbiografisk k seri og ikkje la skjul p  noko fr  livet. Mykje handla om faren og sj lv om han var streng er sonen glad for at han har lytta til han. Men det er sj lvsagt ikkje tvil om at han for det meste har seg sj lv   takka for suksessen.

I den samanheng var '  st  opp om morran' eit mykje brukt uttrykk. Kjetil Andre angrer ikkje p  at han la skiene p  hylla etter 20 aktive  r, men innr mmer at han saknar mestringa.



#### Gründer Styrk sa ikkje så mykje om framtida

Styrk Bekkenes sa forståeleg nok ikkje så mykje om den nye rolla si som sjef for eit konsern med 900 tilsette og ein' omsetnad på 1,2 milliardar kroner. Men han avslørte ein god del om korleis han har nådd så langt med Noreq. Ei av forklåringane er å satse på lokalkjende folk rundt om i verda.

Ei anna ligg i setningen 'det er lov å tenkja stort sjølv om ein kjem frå ei lita bygd'.

Hvindenbråten som er frå Gjøvik men er mannen bak Slottsfjellfestivalen i Tønsberg snakka mest om samspelet med næringslivet og hadde mange råd å gje i den samanhengen. Han peika på at sponsorpengane

i det seinare i aukande grad har gått til kultur og no er oppe i 20 prosent. Han utfordra dei frammøtte til å koma med tankar om Festidalen i framtida og hadde mykje positivt å koma med om vår festival.

Den flinke møteleiar Sveinung Pile slo fast at Festivalen no er ei sterk merkevare i distriktet.  
Det har slike som han mykje av æra for.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen